




FJALER KOMMUNE
Kontor for landbruk miljø og kommunalteknikk

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO



MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
03/950-3/K1-024, K2-V//KDH

Dykkar ref.

Dato:
26.09.03

Høyring av forslag til nye bestemmelsar om overføring av myndigheit og ny forskrift om saksbehandling i kommunen

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet ser positivt på at staten gjev kommunane utvida mynde til å avgjere saker etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skoglova slik det er lagt opp til. Tiltaka bør gjennomførast under føresetnad av at det følgjer med økonomisk kompensasjon for det meirarbeidet ordninga fører til for kommunane.

Formannskapet stiller seg vidare kritisk til at kravet til jord- og skogbruksfagleg kompetanse vert oppheva.

.....

23.09.03 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR-097/03 VEDTAK:

Formannskapet ser positivt på at staten gjev kommunane utvida mynde til å avgjere saker etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skoglova slik det er lagt opp til. Tiltaka bør gjennomførast under føresetnad av at det følgjer med økonomisk kompensasjon for det meirarbeidet ordninga fører til for kommunane.

Formannskapet stiller seg vidare kritisk til at kravet til jord- og skogbruksfagleg kompetanse vert oppheva.

Med helsing

Knut David Hustveit

jordbrukssjef

Direkte tlf: 57 73 80 44

Vedlegg: Saksframstilling



Høyring av forslag til nye bestemmelsar om overføring av myndigheit og ny forskrift om saksbehandling i kommunen

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.
Formannskapet

Møtedato
23.09.03

Saksnr
097/03

Sakshands.
KDH

Arkivsaknr
2003000950

Sakshandsamar
Knut David
Hustveit

Arkiv
K1-024, K2-V

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet ser positivt på at staten gjev kommunane utvida mynde til å avgjere saker etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skoglova slik det er lagt opp til. Tiltaka bør gjennomførast under føresetnad av at det følgjer med økonomisk kompensasjon for det meirarbeidet ordninga fører til for kommunane.

Formannskapet stiller seg vidare kritisk til at kravet til jord- og skogbruksfagleg kompetanse vert oppheva.

.....

23.09.03 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR-097/03 VEDTAK:

Formannskapet ser positivt på at staten gjev kommunane utvida mynde til å avgjere saker etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skoglova slik det er lagt opp til. Tiltaka bør gjennomførast under føresetnad av at det følgjer med økonomisk kompensasjon for det meirarbeidet ordninga fører til for kommunane.

Formannskapet stiller seg vidare kritisk til at kravet til jord- og skogbruksfagleg kompetanse vert oppheva.

SAKSDOKUMENT:

Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	12.06.03	Landbruksdepartementet	Høyring av forslag til nye bestemmelsar om overføring av myndigheit og ny forskrift om saksbehandling i kommunen

SAKSUTGREIING:

Framlegget byggjer på eit delprosjekt om "Desentralisering av juridiske verkemiddel" som igjen er ein del av hovudprosjektet "kommuneretta satsing på landbruksområdet (Jf. St.meld.nr. 19 2001-2002).

Med bakgrunn både i stortingsmeldinga og etter framlegg frå landbruksdepartementet vert det no lagt til grunn at i følgjande saksområde skal avgjersmyndet overførast til kommunane frå og med 01.01.2004:

- alle konsesjonssaker og delingssaker
- saker etter skoglova med unntak av saker som gjeld vernskog
- saker etter jordlova § 9 (omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til andre føremål enn jordbruksproduksjon)
- saker om tiltak for dyrka jord etter jordlova § 8 tredje og fjerde ledd
- saker om å krevje fjerning av anlegg eller byggverk etter jordlova § 9 femte ledd
- saker om å gje pålegg om å søkje konsesjon etter konsesjonslova § 20 andre og tredje ledd og odelslova § 29 andre ledd
- saker om unntak frå hogstforbodet etter konsesjonslova § 27 første ledd
- saker om tilbaketrekking av konsesjon og fastsetjing av frist for sal etter konsesjonslova § 23 andre og tredje ledd og odelslova § 29 tredje ledd
- saker om å setje frist for panthavar om å bringe tvangsbruk som er i strid med konsesjonslova § 3 andre ledd til opphøyr eller frist for ervervar til å sørgje for omgjerung av overdraginga eller overdraging til nokon som kan få eller ikkje treng konsesjon etter konsesjonslova jf. konsesjonslova 25
- saker om forlenging av frist for vidaresal etter konsesjonslova § 6 første ledd nr. 5 tredje pkt.

Landbruksdepartementet føreslår vidare at fylkesmannen får vedtaksmynde i saker om:

- tvangsmulkt etter konsesjonslova §§ 20 fjerdeledd og 23 første ledd
- tvangsgebyr etter jordlova § 20

Det vert vidare gjort framlegg om at:

- saker avgjort i kommunen som førsteinstans skal kunne påklagast til fylkeslandbruksstyret eller fylkesmannen
- saker avgjort av fylkeslandbruksstyret eller fylkesmann som førsteinstans skal kunne påklagast til Statens landbruksforvaltning
- Saker avgjort av Statens landbruksforvaltning som førsteinstans skal kunne påklagast til Landbruksdepartementet.

Det er vidare lagt opp til at kommunane ikkje lenger pliktar å nytte Landbruksdepartementet sin datasystem for sakshandsaming og innhenting og levering av statistikk, men må nytte det elektroniske formatet som departementet krev. Vidare må kommunane stille dei saksdokument Landbruksdepartementet ber om til rådvelde for evaluering av praksis.

Det vert vidare gjort framlegg om at lovreglane om kravet til jord- og skogbruksfagleg vert oppheva.

Høyringsskrivet vurderer overføringane av mynde til kommunane til ikkje å utgjere store endringar i trongen for administrative og økonomiske konsekvensar i kommunane medan fylkesmannen, fylkeslandbruksstyret og Statens landbruksforvaltning vil få frigjort ressursar.

Det er lagt ved framlegg til utforming av følgjande forskrifter:

- Overføring av myndigheit til kommunen, fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning og Bergvesenet etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogloven
- Forskrift om saksbehandling mv. i kommunen i saker etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogloven

VURDERING:

Det er lite og merke til delegasjonen. Erfaring viser at kommunane er i stand til å forvalte dette lovverket på ein tilfredsstillande måte.

Men det er eit tankekors at samtidig som det å fatte endeleg vedtak i ei sak skjerpar kravet til både kvalitet og kompetanse vert kompetansekravet til dei som skal gjere arbeidet teke bort. Den kompetansen kommunane i dag nyttar til å utføre desse oppgåvene vert i utstrekt grad også nytta til andre viktige oppgåver. Reduksjon av kompetansekravet i jord- og skogbruk kan såleis utgjere ein fare for at kommunane i tronge økonomiske tider fort kan tape viktig kompetanse.

Vi ser også her at staten lagar eit opplegg som dei vil spare pengar på. Det er bra. Men samtidig forventar dei at kommunane, i ein frå før håplaus økonomisk situasjon for mange, skal overta heile ansvaret utan noko form kompensasjon. Noko ekstra arbeid vil følgje med reforma sjølv om staten konkluderer med noko anna. Sakshandsamarane i kommunane må i dag arbeide med eit svært breitt spekter av heilt ulike typar saker. Dette medfører at det ikkje er råd å sitte med same kompetanse i kommunen slik ein som har høve til å spesialisere seg kan fordi ein får konsentrere seg om relativt få sakstypar. Saman med alle dei andre reformene staten gjennomfører utan at det vert tilført ressursar er dette dråpen som bør få begeret til å renne over. Frå ein slik synsstad er reforma bortimot uakseptabel utan at kommunane får kompensert for meirarbeidet.